
Notat

Til: Forvaltningsutvalet

Kopi:

Frå: Rådmann

Arkivkode	Arkivsaknr.	Løpenr.	Dato
	19/338-10	1182/20	22.01.2020

Tilleggsnotat til klagehandsaming Detaljreguleringsplan gbnr. 85/8 m.fl. Hagastrondi på Fimreite - fritidsbustader

Mattilsynet har klaga på vedtak av nemnte reguleringsplan i brev av 20.12.2019. Klagen har ikkje blitt registrert på saka før 20.1.2020, og må med dette omtalast i eige notat til klagehandsaming i forvaltningsutvalet 23.1.2020.

Administrasjonen vurderer at klagen er motteke i rett tid, at klager er part i saka og derfor har klagerett. Klagen ligg vedlagd i sin heilskap.

Oppsummering av klagen:

Sogndal kommune har vedteke detaljreguleringsplan for det planlagde hyttefeltet på Hagastrondi på Fimreite utan at heilskapleg VA-plan er lagt fram og handsama i planprosessen.

Mattilsynet påpeikar at heilskapleg løysing for vatn og avløp ikkje er omtalt i detaljreguleringsplanen sjølv om kommunen sin vedtekne arealdel til kommuneplan frå 2013 krev det. Forskrift om vannforsyning og drikkevann § 26 om kommunen sine plikter stiller krav til at kommunen tek drikkevassomsyn i plansaker.

Det går ikkje fram av dokumentasjonen at det er plan for etablering av tre private vassforsyningssystem for levering av drikkevatt til 15 hytter som ligg relativt nær kvarandre. Det vert planlagt tre små vassforsyningssystem sjølv om Nasjonale mål for vann og helse sterkt oppmodar til at fellesanlegg skal bli bygd.

Mattilsynet har ikkje blitt inkludert som høyringspart i planprosessen.

Motsvar til klage:

Grunna kort handsamingstid er det ikkje lagt til rette for at framleggsstillar kan utforme motsvar til klagen.

Rådmannen sin vurdering:

Administrasjonen ser at det i liten grad er gjort vurderingar knytt til løysingar for vatn, avlaup og overvatn i plansaka. Det er lagt inn ei føresegn 4.6, som legg opp til at utgreiing og planlegging av løysing for vatn og avlaup vert utsett til byggesaken. Vi ser at slik løysing er i strid med føresegn 2-1 bokstav c) pkt. 6 i arealdel til kommuneplan, som stiller krav om at plan for vatn, avlaup og overvatn skal leggst fram for handsaming samstundes med reguleringsplan.

At Mattilsynet ikkje har blitt varsla i plansaken er skjedd ved ein feil, varslingslistene våre er no oppdatert med tydeleggjing av når Mattilsynet skal varslast.

Tilråding

Klagen frå Mattilsynet vert teken til følgje.

Forvaltningsutvalet endrar vedtak av detaljreguleringsplanen når det gjeld følgjande punkt:

Rådmannen tilrår at plan for vatn, avlaup og overvatn i tråd med krav i kommuneplan føresegn 2-1 bokstav c) pkt. 6 skal leggest fram og vere godkjent før reguleringsplanen kan gjevast rettsverknad. VA-plan skal vise løysing for vatn, avlaup, overvatn og sløkkevatn for utbyggingsområda.

Rådmannen tilrår at føresegn 4.6 vert endra til å lyde:
Godkjend VA-plan skal leggest til grunn for vidare detaljprosjektering og byggesakshandsaming. Før bruksløyve må vassverk ha tilstrekkeleg godkjenning for drikkevatn.

Merk at dette framlegget til endring av reguleringsplanen har ei anna ordlyd enn i saksframlegget til forvaltningsutvalet (sak-doknr: 19/338-6). Rådmannen tilrår at det er ordlyden i dette framlegget som vert lagt til grunn.

Leikanger 22.1.2020

Arne Abrahamsen
Kommunalsjef Plan og samfunn

Vedlegg: Klage frå Mattilsynet 20.12.2019